

Om inndeling av landet i prisområde

Det er vanleg å rekne at kraftprisen her i landet heng sterkt saman med hydrobalansen (nedbør + magasinfylling). At Norge er elektrisk knytt saman med resten av Europa, gjer at verdien på kraft her i landet også blir påverka av kva som skjer utanfor våre grenser. Det kan føre til høg eller lågare kraftpris for landet sett under eitt.



Figur henta frå SYSPower

Men her i landet har vi i tillegg bestemt å dele oss inn i prisområde. Det fører til at kraftprisen varierer mellom ulike område av landet, i tillegg til at det nasjonale prisnivået varierer med innanlandske og utanlandske faktorar.

Dette er ei særnorsk ordning som ein i tillegg berre finn i nabolandet Sverige. Grunngevinga er at ordninga skal spegle flaskehalsar i overføringskapasiteten i linjenettet. Konsekvensen skal vere at kraftaktørane (forbrukarar og produsentar) skal endre åtferd etter kva for prisar det ser i marknaden, med den slutteffekt at det blir mest mogleg balansen mellom forbruk og etterspurnad og dermed best mogleg utnytting av eksisterande kraftnett.

Inndelinga i prisområde etter flaskehalsar i nettet fører i teorien til endra åtferd hjå forbrukarar og produsentar. Men i praksis er denne effekten berre marginal, om merkande i det heile. Den situasjonen vi har hatt her i landet den siste tida skulle då ha ført til store/vesentlege endringar i forbruksmønsteret for elkraft. Realiteten er at det er heilt andre drivarar for elforbruket som er meir vesentlege enn kraftprisen, først og fremst bu-standard og talet på husstandar, forutan privatøkonomi. For produsentar er det berre dei med reguleringsmagasin som kan ville endre åtferd i eit skiftande prisregime. Uregulert kraft blir produsert ved så full kapasitetsutnytting som råd uansett.


Eit anna forhold er at gjeldande inndeling i prisområde ikkje gir produsentar og forbrukarar impuls til å utvikle kraftsystemet. For desse blir berre kraftprisen høgare eller lågare utan at du kan gjere noko for å få endra det. Dette er i motsetnad til for utanlandskablar, der det er differensen i pris mellom landa som gir inntekter frå kabelen. Det betyr at større prisdifferense gir betre økonomi for kabelen og betre incentiv for utbygging.

I det lange løp er det politisk uholdbart å ha eit nasjonalt system som gir så ulike levekostnader for ålmenne varer/tenester som inndelinga i prisområde gir. At ein stor del av innbyggjarane her i landet må betale ti til tjuve gongar meir for same vare/teneste som resten av landet er ikkje berekraftig. Sjølv ikkje for drivstoff eller grønsaker er situasjonen så grotesk, sjølv om ein grunngjev det med dyrare distribusjon.

Mitt innspel er difor:

Fjern inndelinga i prisområde.

Med helsing



Håkon Sandvik

Øvre Sørstranda 273

6823 Sandane